#### 2. Krav til universell utforming iht. PBL §11-9, 5. ledd:

Det skal vere universell utforming av tilkomstveggar og internveggar på campingplass, samt sanitærbygg og liknande bygg/areal med felles funksjonar til bruk for gjestar. Brannsikringsutstyr på campingplass må vere tilgjengeleg for alle.

*Retningslinje til pkt. 2:*

*Krav til universell utforming gjeld alle nye campingplassar eller utviding av eksisterande. Tilgjengeleg brannsikringsutstyr gjeld alle campingplassar, også etablerte.*

#### 3. Krav til miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur, herunder om mellombelse og flyttbare konstruksjonar og anlegg iht. PBL §11-9, 6. ledd

3.1. Campingområda kan nyttast til telting, oppstilling av bubilar, campingvogner med fortelt/tilbygg, toalett- og servicebygg og evt. andre funksjonar for trivselsfremmande tiltak på campingplass.

- 3.2. Villavogner (mobile homes) kan plasserast innanfor campingområda, på vilkår av at dei blir plassert på flatt terreng. Av omsyn til storleiken på eininga er det ikkje tillate med tilbygg/overbygg i tilknytning til villavogner.
- 3.3. Tilbygg/spikartelt kan etablerast langs campingvogna, men skal ikkje vere lengre enn vogna. Maksimal breidde er sett til 3 meter ut frå vogna. Overbygg kan maksimalt vere 30 cm over høgste punktet innan eininga. Tiltak må vere estetisk godt utforma. Fargebruken skal avstemmast etter vogna for å gi det eit mest mogleg nøytralt preg.
- 3.4. For høgder over terreng skal ein måle frå terreng til plattingen sitt høgste punkt, og ikkje i høve til gjennomsnittleg terrengnivå.

*Retningslinje til pkt. 3.4:*

*Ein målar frå overkant av platting til underliggande terreng, på den staden dette gir maksimal høgde opp frå fysisk terreng.*

- 3.5. Platting som ligg direkte på terreng og som ikkje har rekkverk eller leveggar, kan plasserast inntil 3 m frå naboeining, med fri storleik.

*Retningslinje til pkt. 3.5:*

*“Direkte på terreng” er å forstå slik at overkant på plattingen ligg marginalt over omkringliggande terrengnivå. Platting skal fortrinnsvis liggje på terreng. Platting med rekkverk og leveggar kan virke meir dominerande i campingbildet enn ei platting på terreng utan rekkverk, difor er fri storleik gitt sistnemnde.*

- 3.6. Platting med rekkverk og leveggar, (overkant platting maks. 0,5 m over terreng), kan etablerast i heile campingvogna si lengde og maks. 3 m ut frå spikartelt/tilbygg/fortelt. Totalt areal (ekskl. areal under spikartelt/tilbygg m.m.) skal uansett ikkje overstige 30 m<sup>2</sup>.
- 3.7. Terrengebearbeiding er ikkje tillatt. I skrått terreng kan maks. høgde frå platting til terreng ikkje overstige 1 m.

*Retningslinje til pkt 3.7:*

*For oppfylling/inngrep i terreng skal tiltakshavar søke om dispensasjon til kommunen, men berre om campingplasser har gitt løyve til tiltaket først.*

- 3.8. Rekkverk skal ikkje vere høgare enn maks. 1 m, og leveggar skal ikkje vere høgare enn maks. 1,8 m i inntil 10 m samla lengde. Av omsyn til estetikk og tilpassing, må tiltaket ikkje vere for dominerande.

## DEL 2 – GENERELLE RETNINGSLINJE

### 4. Søknadsplikt

- 4.1. Det skal søkast om løyve til etablering av faste konstruksjonar som tilbygg/overbygg/spikartelt/fortelt, rekkverk/leveggar, samt platting høgare enn 0,5 m (iht. PBL §20-1 og §20-2). Det er tiltakshavar (dvs. campingplassleigetakar) sitt ansvar å utarbeide naudsynt dokumentasjon som situasjonskart, målsette teikningar (plan, snitt og fasadar) i samsvar med føresegner i arealdelen til kommuneplanen og i tråd med krav i PBL vedkomande byggjesøknad. Dokumentasjonen skal sendast til campingplassleigar for eigengodkjenning før oppføring av tiltak. Dokumentasjonen skal og gjere greie for tiltaket si terrengtilpassing. Campingplassleigar sender fortløpande gjenpart til kommunen for tiltak det er gitt løyve til (eigengodkjenning ved campingplassleigar), med all dokumentasjon.
- 4.2. For tiltak som ikkje er i tråd med føresegnene i kommuneplanen, må tiltakshavar sende søknad om dispensasjon til kommunen, iht. PBL § 19. Campingplassleigar må først eigengodkjenne tiltaket. Om campingplassleigar ikkje vil gi løyve til tiltak som er i strid med føresegna, skal heller ikkje kommunen gi løyve til tiltaket. Tiltaket kan ikkje tilsidesette viktige avstandskrav eller andre krav til brannsikring.

### 5. Tekniske krav

- 5.1. Iht. PBL §29-5 skal eitkvart tiltak oppfylle krav til tryggleik, helse, miljø og energi og slik at vern av liv og materielle verdiar blir ivareteke. Alle campingplassar skal ha tilfredsstillande brannsikring i samsvar med gjeldande regelverk.

Materiell for brannsløkking skal fordelast utover campingplassen iht. plassen sin systemplan for brannsikring. Det blir tilrådd brannslangar med ein kapasitet på minst 50 l vann pr. minutt og eit trykk på 6 atm.

I kvar campingeining skal det vere røyk- og gassvarslar, og tilstrekkeleg brannsløkkeutstyr som kan nyttast innan heile campingeininga.

- 5.2. Campingvogner som skal definerast som mobile må ha påmonterte hjul og kunne fraktast på eige hjul med eigna køyretøy. Trekkanordninga på campingvogna må vere plassert slik at den er lett tilgjengeleg i fall vogna må fjernast raskt i høve brann eller anna ulykkeshending.

- 5.3. Avstand mellom kvar campingeining med mobil vogn og/eller mobilt telt, skal vere minst 3 m frå enkelt del av campingeining til næraste enkelt del av naboening. Det blir av Brannvernforeninga tilrådd ein avstand på minst 4 m pga forventa endringar frå EU om auka krav til avstand mellom mobile einingar.

Ved mobil vogn og/eller mobilt telt, der brennbar levegg er lågare enn 1,5 m over platting (for platting inntil 0,5 m over terreng) kan avstand mellom nabo leveggar vere 4 m, i tråd med tilråding frå Brannvernforeninga si temarettleiar for campingplass. Om brennbar levegg er høgare enn 1,5 m gjeld vanleg krav om 8 m avstand, elles må andre brannsikringstiltak gjennomførast.

Bil utan overnattingseining kan plasserast i mellomrommet mellom to campingeiningar uavhengig av om det er mellom mobile eller faste einingar.

5.4. Avstand mellom kvar campingeining med fast vogn og/eller spikartelt/tilbygg, jfr. byggt teknisk forskrift §11-6, skal vere minst 8 m, elles må andre brannsikringstiltak gjennomførast. Dette gjeld og for leveggjar høgare enn 1 m.

Brannskiljekonstruksjonar må ha den høgda som er naudsynt for å fungere som brannskilje (maks. opptil høgste punkt på eininga).

#### **6. Eksisterande situasjon**

Ein kan ikkje setje til side krav til tryggleik (som brannsikringstiltak m.a.) For eksisterande tiltak som er i strid med føresegner gitt eller i medhold av PBL, og der det er naudsynt med utbetring for å ivareta tryggleiken på campingplassane, kan kommunen gi pålegg om utbetring og retting, iht. PBL §31-4 og §32-3. I tillegg har kommunen myndigheit med heimel i "Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykke med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (Brann- og eksplosjonslova)".


Tryggleiken for campinggjestane må ha høgste prioritet. For etablert situasjon som er i strid med PBL, gjeld ei overgangsordning på 2 år frå føresegna er vedtekne til tiltaket må vere i tråd med føresegna\*. Campingplasseigar skal i samband med etablering, endring eller fornying av leigekontraktar krevje at leigetakar tilpassar seg desse føresegner og retningslinje, samt regelverket for øvrig. Campingplasseigar må elles sørge for å opplyse alle etablerte leigetakarar om endra føresegner slik at krava til tryggleik blir teke vare på.

\* Om Brannvesenet ved branntilsyn av campingplassen finn tiltak som kan medføre ein uakseptabel risiko i høve brann, har Brannvesenet heimel til å gi pålegg om utbetring før ovannemnde overgangsordning på 2 år er omme.


















Tafjord Camping  
Tafjord  
6213 Tafjord

70 25 80 79



## Saksframlegg

### Revisjon av føresegner i kommuneplan, arealdelen 2007 - 2018

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
023/11	Det faste utvalet for plansaker	06.06.2011
025/11	Det faste utvalet for plansaker	27.06.2011
039/11	Kommunestyret	04.07.2011

#### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.06.2011	Føresegner til arealdelen kommuneplanen 10.06.pdf	45285
20.06.2011	Revisjon av føresegner i arealdelen av kommuneplanen	45283

#### Ikkje utsendte saksdokument:

Gjeldande kommuneplan, arealdelen, m/føresegner vedteken av k-styret 25.06.2009

#### Rådmannen si innstilling:

Norddal kommune vedtek i medhald av § 11-15 i pbl. reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i kommunen og rettleiingsheftet "Norddal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen", begge dagsett 04.02.2011, rev A 19.05.2011.

#### Handsaming:

Ordføraren kom med forslag om å utsette saka.

#### Røysting:

Samrøystes i samsvar med ordføraren sitt forslag.

#### PL-023/11 Vedtak i Det faste utvalet for plansaker 06.06.2011:

Saka vert utsett.

#### Handsaming:

##### Rådmannen la fram slik ny innstilling:

Norddal kommune vedtek i medhald av § 11-15 i pbl. reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i kommunen og rettleiingsheftet "Norddal kommune - Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen", begge dagsett 04.02.2011, rev B 20.06.2011.



**Røysting:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

**PL-025/11 Innstilling i Det faste utvalet for plansaker 27.06.2011:**

Norrdal kommune vedtek i medhald av § 11-15 i pbl. reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i kommunen og rettleiingsheftet "Norrdal kommune - Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen", begge dagsett 04.02.2011, rev B 20.06.2011.

**Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

**KS-039/11 Vedtak i Kommunestyret 04.07.2011:**

Norrdal kommune vedtek i medhald av § 11-15 i pbl. reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i kommunen og rettleiingsheftet "Norrdal kommune - Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen", begge dagsett 04.02.2011, rev B 20.06.2011.

**Saksgrunnlag:**

I møte den 14.02.2011 i Det faste utvalet for plansaker vart det gjort slikt vedtak i sak 07/11:

Reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i Norrdal kommune og rettleiingsheftet "Norrdal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen", begge dagsett 04.02.2011, vert å legge ut på avgrensa høyring i 4 veker i samsvar med § 11-14 i pbl.

Saka har vore på høyring på vanleg måte i samsvar med reglane i pbl. og såleis utover utsending til statlege- og fylkeskommunale myndigheiter har samtlege campingplassane i kommunen vorte tilskrivne. Merknadsfrist vart sett til 15. mars 2011.

Det er innkome to merknader/fråsegner frå følgjande:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune

**Saksopplysningar:**Merknad nr. 1Møre og Romsdal fylkeskommune; jfr. vedlegg:

Fylkeskommunen uttrykkjer at det er gjort eit svært grundig og omfattande arbeid med reviderte føresegner for campingplassar og dokumentasjon/rettleiing knytt til desse. Fylkeskommunen har for sin del ikkje merknader til at kommunen vedtek desse.

Merknad nr. 2Fylkesmannen i Møre og Romsdal; jfr. vedlegg:

Fylkesmannen påpeikar for ordens skuld at ei endra føresegn til kommuneplanen sin arealdel må ha heimel i no gjeldande plan- og bygningslov.

Vidare peikar Fylkesmannen på at kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk og at Arealdelen er bindande for nye tiltak og for utvidingar som nemnd i § 1-6.

Det vert trekt fram at kva som treng/ikkje treng byggeløyve vert regulert av reglar i plan- og bygningslova og at det ikkje er nødvendig lovheimel for punkta 19 og 22 og at desse kan regulerast gjennom avtale mellom leigetakar og eigar.

Kommunen får ros for arbeidet med brannsikring for etablering og bruk av campingplassar.

Fylkesmannen tek spesielt føre seg at campingplassar bør ha ei utforming som gjer at den kan nyttast av alle, og såleis skal vere universelt utforma. Difor bør brannsikringsutstyr vere tilgjengeleg for alle, både store og små, sittande og gåande.

Det vert bede om at desse merknadane verte teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Dei gjeldande føresegner for campingområda i arealdelen til kommuneplanen i Norddal vart først vurdert på nytt som følgje av reaksjonar frå eigarar og leigetakarar. Føresegnene vart føreslege justert (dat. 04.02.2011) på ein del punkt etter dialog og samarbeid mellom kommunen, Det interkommunale brannvernet og campingplasseigarar.

Heftet "*Norddal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen*" skal leggest ved som ei rettleiing til dei reviderte føresegner; jfr. vedlegg.

Etter dei innkomne merknadene frå Fylkesmannen har føresegnene til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i Norddal kommune vorte revidert på nytt, rev A 19.05.2011; jfr. vedlegg

#### **Saksvurdering og konklusjon:**

Revisjonen av dei gjeldande føresegnene for campingplassar har vore på høyring i 4 veker i samsvar med Det faste utvalet for plansaker sitt vedtak i møte 14.02.2011 i sak 07/11. Utlegginga vart å gjennomføre på vanleg måte i samsvar med pbl (§ 11-14).

Merknadane i saka er innkomne i rett tid i høve fristen på 4 veker.

Føresegnene er revidert i samsvar med Fylkesmannen sine merknader og oversendt att i revidert stand for rask uttale. Det er ikkje registrert nye merknader frå Fylkesmannen.

Dei reviderte føresegnene må vedtakast av kommunestyret for at dei skal bli juridisk bindande, og heftet "*Norddal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen*" vert lagt ved som ei rettleiing til dei reviderte føresegner.

Dei reviderte føresegnene og heftet er dagsett 04.02.2011, Rev A 19.05.2011 og begge lagt ved i saka.

#### **NYE OPPLYSNINGAR I SAKA (20.06.2011):**

Vi har vore merksam på at Norsk brannvernforening har hatt under arbeid ein temaretleiar for brannsikkerheit på campingplassar, arbeidsleiar mv.. Denne rettleiaren skulle vere ferdig i 2010, men av ulike grunnar greidde ikkje brannvernforeninga å gje denne ut før no nyleg.

Det må opplysast at utkastet til rettleiaren frå brannvernforeninga naturleg nok har vore ein del av grunnlagsmaterialet for vårt arbeid i saka.

Då det viste seg at den endelege utgåva av rettleiaren har eit noko anna innhald på nokre punkt, var det naturleg å ta ny gjennomgang av framlegget til revisjon av våre føresegner i arealdelen av kommuneplanen. I tillegg til føresegnene ligg føre rettleiingshefte, og det er vidare utarbeidd forslag til kontraktsvedlegg for campingplassar (dat. 15.06.11).

Endringane gjeld i hovudsak storleik på "campingkvartal" og litt mindre strengt når det gjeld levegg ikkje høgare enn 1,5 m.

Nordplan AS har ved sitt arbeid med ny gjennomgang hatt direktekontakt med brannvernforeninga og Det interkommunale brannvernet for å kvalitetssikre og sikre lik tolking av det som no ligg føre.

Dei reviderte føresegnene må, som tidlegare nemnd, vedtakast av kommunestyret for at dei skal bli juridisk bindande, og heftet "Norddal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen" vert lagt ved som ei rettleiing til dei reviderte føresegnene.

Dei reviderte føresegnene og heftet er dagsett 04.02.2011, Rev B 10.06.2011 og begge lagt ved i saka.

**Rådmannen si innstilling:**

Norrdal kommune vedtek i medhald av § 11-15 i pbl. reviderte føresegner til arealdelen i kommuneplanen for campingplassar i kommunen og rettleiingsheftet "*Norrdal kommune | Revisjon av føresegner i arealdel av kommuneplanen*", begge dagsett 04.02.2011, rev B 20.06.2011.

Stig Holmstrøm  
Rådmann



## **L27.06.2008 nr. 71 Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (\*)**

### **Første del: Alminnelig del**

#### **Kapittel 1. Fellesbestemmelser**

#### **Andre del: Plandel**

### **IV. Kommunal planlegging**

#### **Kapittel 11. Kommuneplan**

##### **§ 11-9. *Generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel* (217)**

Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser til kommuneplanens arealdel om:

1. krav om reguleringsplan for visse arealer eller for visse tiltak, herunder at det skal foreligge områderegulering før detaljregulering (218) kan vedtas,
2. innholdet i utbyggingsavtaler, jf. § 17-2,
3. krav til nærmere angitte løsninger for vannforsyning, avløp, veg og annen transport i forbindelse med nye bygge- og anleggstiltak, herunder forbud mot eller påbud om slike løsninger, og krav til det enkelte anlegg, jf. § 18-1. Det kan også gis bestemmelse om tilrettelegging for forsyning av vannbåren varme til ny bebyggelse, jf. § 27-5, (219)
4. rekkefølgekrav for å sikre etablering av samfunnsservice, teknisk infrastruktur, grønnstruktur før områder tas i bruk og tidspunkt for når områder kan tas i bruk til bygge- og anleggsformål, herunder rekkefølgen på utbyggingen, (220)
5. byggegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav, herunder om universell utforming, leke-, ute- og oppholdsplasser, skilt og reklame, parkering, frikjøp av parkeringsplasser etter § 28-7 og utnyttning av boligmassen etter § 31-6, (221)
6. miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg, (222)
7. hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø, (223)
8. forhold som skal avklares og belyses i videre reguleringsarbeid, herunder bestemmelser om miljøoppfølging og -overvåking. (224)

### **Tredje del: Gjennomføring**

### **Fjerde del: Byggsaksdel**

## Kapittel 20. Søknadsplikt <sup>(548)</sup>

### § 20-1. Tiltak som krever søknad og tillatelse

Med mindre annet framgår av §§ 20-3 og 20-4, må følgende tiltak, <sup>(549)</sup> på eller i grunnen, <sup>(550)</sup> i vassdrag eller i sjøområder, <sup>(551)</sup> ikke utføres uten at søknad, <sup>(552)</sup> og eventuelt søknad om dispensasjon, <sup>(553)</sup> på forhånd er sendt kommunen, og den deretter har gitt tillatelse: <sup>(554)</sup>

- a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg <sup>(555)</sup>
- b) vesentlig endring eller vesentlig reparasjon av tiltak som nevnt under a <sup>(556)</sup>
- c) fasadeendring <sup>(557)</sup>
- d) bruksendring eller vesentlig utvidelse eller vesentlig endring av tidligere drift av tiltak som nevnt i bokstav a <sup>(558)</sup>
- e) riving av tiltak som nevnt i bokstav a <sup>(559)</sup>
- f) oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner <sup>(560)</sup>
- g) oppdeling eller sammenføyning av bruksenheter i boliger samt annen ombygging som medfører fravikelse av bolig <sup>(561)</sup>
- h) oppføring av innhegning mot veg <sup>(562)</sup>
- i) plassering av skilt- og reklameinnretninger <sup>(563)</sup>
- j) plassering av midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg <sup>(564)</sup>
- k) vesentlig terrenginngrep <sup>(565)</sup>
- l) anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass <sup>(566)</sup>
- m) opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, eller arealoverføring, jf. lov om eighedsregistrering. Slik tillatelse er ikke nødvendig når tiltak etter første punktum skjer som ledd i jordskifte i samsvar med rettslig bindende plan. <sup>(567)</sup>

Søknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i første ledd skal forestås av foretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelser gitt i kapittel 22 og 23, <sup>(568)</sup> med mindre annet framgår av §§ 20-2 eller 20-3. <sup>(569)</sup> Dette gjelder likevel ikke tiltak som nevnt i første ledd bokstav m. <sup>(570)</sup>

Departementet kan gi forskrifter om hvilke tiltak som omfattes av bestemmelsen.

### § 20-2. Tiltak som krever søknad og tillatelse og som kan forestås av tiltakshaver <sup>(571)</sup> (*: ikke krav om ansvarlige foretak*)

Følgende tiltak som er søknadspliktige etter § 20-1, er unntatt fra reglene i § 20-1 andre ledd:

- a) mindre tiltak på bebygd eiendom <sup>(572)</sup>
- b) alminnelige driftsbygninger i landbruket <sup>(573)</sup>
- c) midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg som nevnt i § 20-1 første ledd bokstav j og som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år <sup>(574)</sup>
- d) andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forestås av tiltakshaver. <sup>(575)</sup>

Departementet gir forskrift om hvilke tiltak som omfattes av bestemmelsen. <sup>(576)</sup>

### § 20-3. Tiltak som ikke krever søknad og tillatelse <sup>(577)</sup>



For følgende tiltak er søknad og tillatelse etter § 20-1 ikke nødvendig dersom disse er i samsvar med plan: (578)

- a) mindre frittliggende bygning som oppføres på bebygd eiendom, og som ikke kan brukes til beboelse (579)
  - b) mindre frittliggende byggverk knyttet til drift av jordbruks-, skogbruks- og reindrifsområder (580)
  - c) mindre tiltak i eksisterende byggverk (581)
  - d) mindre tiltak utendørs (582)
  - e) fasadeendring som ikke fører til at bygningens karakter endres, samt tilbakeføring av fasade til tidligere dokumentert utførelse (583)
  - f) andre mindre tiltak som kommunen finner grunn til å fritta fra søknadsplikten. (584)
- Departementet gir forskrift om hva som er mindre tiltak i bokstav a-d. (585)

Tillatelse er heller ikke nødvendig for tiltak som nevnt i § 20-1 første ledd bokstav j når tiltaket ikke skal stå lengre enn 2 måneder. (586)

Departementet kan i forskrift unnta også andre tiltak fra bestemmelsene i § 20-1, herunder plassering av anleggsbrakker i mer enn to måneder i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågår. (587)

Tiltakshaver er ansvarlig for at tiltak som nevnt i første til tredje ledd utføres i samsvar med de krav som ellers følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av lov. (588)

## **L14.06.1985 nr. 77 Plan- og bygningslov. (\*) (OPPHEVET)**

### **Kap. XIV. Særlige bygninger og anlegg m.v.**

#### **§ 85. Midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner eller anlegg (784)**

Midlertidige eller transportable bygninger (785), konstruksjoner eller anlegg (786) må ikke plasseres slik at de hindrer allmenn ferdsel eller friluftsliv eller på annen måte fører til vesentlige ulemper for omgivelsene (787). For ovennevnte tiltak gjelder bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven så langt de passer. (788)

Plassering (789) av midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg (790) skal på forhånd meldes til kommunen. Midlertidige eller transportable bygninger (791), konstruksjoner eller anlegg må ikke plasseres for et lengre tidsrom enn 4 måneder (792) uten at kommunen (793) på forhånd har gitt samtykke, og skal straks fjernes når tiden er utløpt, eller, hvis samtykke er gitt på ubestemt tid, når kommunen krever det (794).

Ved vedtekt kan bestemmes (795) at midlertidige eller transportable bygninger (796), konstruksjoner eller anlegg ikke kan plasseres innenfor bestemte deler av kommunens område, eller at de bare skal kunne plasseres på nærmere fastsatte vilkår (797).

Departementet kan ved forskrift bestemme at annet og tredje ledd ikke skal gjelde for nærmere angitte midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner eller anlegg. (798)

## Kap. XVI. Saksbehandling, ansvar og kontroll. (924)

### § 93. Tiltak som krever søknad og tillatelse (925)

Følgende tiltak (926), på eller i grunnen (927), i vassdrag eller i sjøområder (928), må ikke utføres uten at søknad, og eventuelt søknad om dispensasjon (929), på forhånd er sendt kommunen, og den (930) deretter har gitt tillatelse: (931)

- a) Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, (932) konstruksjon eller anlegg. (933)
- b) Fasadeendring (934), vesentlig endring eller vesentlig reparasjon av tiltak som nevnt under a. (935)
- c) Bruksendring eller vesentlig utvidelse eller vesentlig endring av tidligere drift av tiltak som nevnt under a. (936)
- d) Riving av tiltak som nevnt under a. (937)
- e) Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjoner. (938)
- f) Oppdeling eller sammenføring av bruksenheter i boliger samt annen ombygging som medfører fravikelse av bolig. (939)
- g) Oppføring av innhegning mot veg (940), skilt eller reklameinnretninger o.l. (941)
- h) Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrunn for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, eller arealoverføring, jf. lov om eidsregistrering. Slik tillatelse er ikke nødvendig når tiltak som nevnt i første punktum, skjer som ledd i jordskifte (943) i samsvar med rettslig bindende plan.
- i) Vesentlig terrenginngrep. (944)
- j) Anlegg av veg eller parkeringsplass. (945)

Tillatelse etter første ledd er ikke nødvendig for tiltak som utføres i medhold av §§ 81, 85, 86a eller 86b (946). I forskrift kan departementet unnta tiltak fra bestemmelsene i kap. XVI (947). Tiltakshaver er ansvarlig for at tiltak som er unntatt likevel utføres i samsvar med de krav som ellers følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven (948).

**F26.03.2010 nr 488 [DELVIS TRÅDT I KRAFT]  
Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften)**

**Første del. Generelle bestemmelser**

**Kapittel 1. Generelle bestemmelser**

**Andre del. Søknadsplikt, innhold i og behandling av søknader**

**Kapittel 2. Tiltak som krever søknad og tillatelse**

**Kapittel 3. Tiltak som krever søknad og tillatelse og som kan  
forestås av tiltakshaver**

**Kapittel 4. Tiltak som er unntatt fra byggesaksbehandling**

**§ 4-2. Unntak for plassering av særskilt bygning, konstruksjon eller anlegg**

Følgende tiltak kan plasseres uten søknad eller tillatelse:

- a) Bygninger, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågår
- b) Campingvogn og vinteropplag av fritidsbåt på bebygd bolig- og fritidseiendom
- c) Campingvogn på campingplass.

Plan- og bygningsloven § 30-5 gjelder tilsvarende for disse tiltakene.

**F24.06.2003 nr 749  
Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker  
[OPPHEVET]**

**Kap. II. Tiltak som er unntatt fra byggesaksbehandling**

**§ 6. Unntak for midlertidige eller transportable tiltak**

Midlertidige eller transportable tiltak som nevnt i denne bestemmelse bokstav a - d krever ikke byggesaksbehandling forutsatt at de ikke plasseres slik at de hindrer allmenn ferdsel eller friluftsliv eller på annen måte fører til vesentlig ulempe for omgivelsene, jf. pbl § 85 første ledd.

- a) Plassering av bygninger, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt.

- b) Plassering av campingvogn og vinteropplag av fritidsbåt på bebygd eiendom.
- c) Plassering av campingvogn på campingplass.
- d) Plassering av mindre innretninger til fritidsbruk.

For nevnte tiltak kan det ikke gis vedtekt om plassering etter pbl § 85 tredje ledd.

### **Kap. III. Meldepliktige tiltak**

#### **§ 11. Meldepliktige midlertidige eller transportable bygninger, konstruksjoner eller anlegg som ikke omfattes av unntak etter denne forskrift § 6**

Midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg kan ikke plasseres eller settes opp før melding er sendt kommunen.

Transportable bygninger, konstruksjoner eller anlegg som skal stå inntil fire måneder, skal ikke meldes.

Tiltak som nevnt i første og annet ledd som skal stå i mer enn fire måneder, skal meldes og kan ikke plasseres før kommunen har gitt samtykke.

Forutsetningen for plassering av midlertidige eller transportable tiltak er at vilkårene i pbl § 85 første ledd er oppfylt. I kommuner som har vedtekt til § 85 tredje ledd, må plassering skje i samsvar med de vilkår som er fastsatt i vedtekten.

For midlertidige og transportable tiltak som skal brukes til varig opphold, innendørs arbeidsplasser eller hvor mer enn 25 personer kan oppholde seg samtidig, gjelder bestemmelsene i forskrift av 22. januar 1997 nr. 33 om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK) så langt de passer.

**F26.03.2010 nr 488 [DELVIS TRÅDT I KRAFT]  
Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften)**

**Første del. Generelle bestemmelser**

**Kapittel 1. Generelle bestemmelser**

**Andre del. Søknadsplikt, innhold i og behandling av søknader**

**Kapittel 2. Tiltak som krever søknad og tillatelse**

**Kapittel 4. Tiltak som er unntatt fra byggesaksbehandling**

**§ 4-1. Tiltak som ikke krever søknad og tillatelse**

**§ 4-2. Unntak for plassering av særskilt bygning, konstruksjon eller anlegg**

Følgende tiltak kan plasseres uten søknad eller tillatelse:

- a) Bygninger, konstruksjoner eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågår
- b) Campingvogn og vinteropplag av fritidsbåt på bebygd bolig- og fritidseiendom
- c) Campingvogn på campingplass.

Plan- og bygningsloven § 30-5 gjelder tilsvarende for disse tiltakene.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 12.10.2011

**SAK 12/11  
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2011 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Tertialrapport, andre tertial 2011 – Norddal kommune

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar.

Det er viktig at rapporteringa skjer med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak då med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet- og investeringsbudsjettet).

### **Kommentarar**

Av prognosane i tertialrapporteringa kjem det fram at det er forventa eit meirforbruk i året på i underkant av 1 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2. tertial 2011 til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar





## Saksframlegg

### Rekneskapsrapport 2. tertial 2011

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	
072/11	Formannskapet	26.09.2011

#### Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.09.2011	Rapport 31.8.11	48099
26.09.2011	Vedk. pleie- og omsorgstenester i Norddal	48334

#### Ikkje utsendte saksdokument:

#### Rådmannen si innstilling:

Kommunestyret tek rekneskapsrapport 2. tertial til vitande

#### Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

#### FS-072/11 Innstilling i Formannskapet 26.09.2011:

Kommunestyret tek rekneskapsrapport 2. tertial til vitande

#### Saksgrunnlag:

Kommunen skal etter Forskrift om årsbudsjett for kommunar legge fram rapportar for kommunestyret som viser utvikling i rekneskap samanlikna med vedteke budsjett. Rapport skal minimum leggst fram kvart tertial.

I samsvar med vedtekte Finansreglement skal det leggst fram ein oversikt over den finansielle situasjonen til kommunen saman med økonomirapporten.

#### Saksopplysningar:



Det er utarbeidd rekneskapsrapport pr 31.8. Verksemdsleiarar har gjeve uttale om rekneskap mot periodisert budsjett for sine ansvarsområder. Det er samstundes gjort ei vurdering og utarbeidd ei prognose for heile 2011. Dette gjeld også for frie inntekter og finans. Gjennomførte investeringar pr 31.8. er også med.

Rekneskap for Norddal Eigedomsselskap KF er teke inn og kommentert. Det gjeld også investeringar i føretaket.

Til slutt i rapporten er det teke inn oversikt over plasseringar av likviditet og finansielle aktiva og lån pr 31.8.

### **Saksvurdering og konklusjon:**

Økonomien i Norddal Kommune er framleis svært stram. Prognosen som er utarbeidd for heile 2011 viser at det kan gå mot eit meirforbruk på i underkant av kr 1 mill. Fleire verksemdar har signalisert at dei vil ha vanskar med å halde seg innanfor dei vedtekne budsjetttrammer, til tross for at ulike tiltak er iversett. Det er særleg innanfor områda for politisk-sentraladminstrasjon, pleie og omsorg og planarbeid det kan verte større meirforbruk. Lavare pensjonsutgifter vil slå ut i positiv retning og vere med å avgrense meirforbruket.

Det er imidlertid svært avgrensa reserver i budsjettet slik at uansett meirforbruk vil dette kunne vere vanskeleg å handtere.

Fleire større investeringsprosjekt er fullført. Kilstivegen viser eit meirforbruk i høve til budsjett, og det same gjeld trafikkarealet ved Valldal skule. FDV er bedt om å finne dekning for dette innanfor vedtekne budsjett. Muriåsvegen er ferdig, men sluttoppgjjer er ikkje gjort, slik at det er noko uklart korleis dette prosjektet kjem ut økonomisk.

Norrdal Eigedomsselskap KF sitt driftsrekneskap ser positivt ut pr 31.8., men tilbakemeldingar frå føretaket tilseier at det vil verte eit stramt år økonomisk, m.a. grunna sviktande inntekter i Tafjordbadet og på utleigebustader. Det er gjennomført forholdsvis lite av vedtekne investeringar pr 31.8.

Finansoversikt viser ein svak likviditet pr 31.8. Grunnen til dette er m.a. at det ikkje er gjort låneopptak hittil i år, slik at investeringar er betalt med ledig likviditet. Ettersom maren er også ein periode med små innbetalingar, t.d. skatt og rammetilskot.

Langsiktig finansielle aktiva, d.v.s. Elverkfondet, er førebels plassert i lokal bank til p.t. 3,45 % rente. Plasseringa er ikkje i samsvar med vedteke finansreglement, men grunna ganske stor uro i finansmarknaden har ein førebels avventa å gjere avtalar med forvaltarar. Noverande avkastning vert vurdert som tilfredstillande.

Ein stor del av låneportefølgjen i kommunen er flytta over til fastrente med 2, 3 og 5 års binding. Nominell fastrente ligg mellom 3,2 - 3,55 % p.a. Flytande rente er 3,05 - 3,15 % p.a. Om lag 2/3 av låna har no fastrente.

I Norddal Eigedomsselskap KF er 1/3 av portefølgjen på fastrente med rentesats 3,18 - 3,58 % p.a. Resterande bindingstid er 2 og 4 år. Flytande renter er 3,15 % p.a.

Stig Holmstrøm  
rådmann